


# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 7 — DESEMBER 1975  
8. ÅRGANG



## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Clausen.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær, Knut Brakestad.

Forretningsfører: Monrad Ulveseter.

Blådpengar: Kr. 15,—. Postgiro 310444.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

### Prestekontoret Indre Arna:

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.

Torsdag kl. 17.30—19.00. Tlf. 24 04 00.

### Prestekontoret Ytre Arna:

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.

Fredag kl. 10.00—11.30. Tlf. 24 13 25.

### Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollaveien 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Åge Clausen, Stølsveien 96D, Indre Arna, tlf. 24 03 42.

Kontortid prestekontoret I. Arna tysdag 18.00—19.00 og torsdag 11.00—12.30.

Klokkar Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna, tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsveien 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriveien 20, Eidsvåg, tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsveien 15, Indre Arna.

Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00 og onsdag og fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jepsensvei 32, Ytre Arna. Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna, tlf. 24 05 69, kontortid mandag—fredag 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsveien 111A, tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann Ytre Arna, Knut Brakestad, Johan Rongvedsvei 16, Ytre Arna, tlf. 24 11 35.

Kyrkjelydsarbeidarar i Arna, Ingrid Garnes og Angunn Hope, tlf. 24 07 39.

# ÆRA VERE GUD!

*Jesus var født i Betlehem. Derfor song englane sitt store gloria: Æra vere Gud i det høgste! Englesongen forkynte at no hadde Gud i himmelen fått æra.*


*Gud skapte menneske i stt bilete. Adams barn var etla til eit fullverdig liv. Det har og noko med stordommen i menneske å gjera at vi var skapte med ansvar, med evne til å velja mellom godt og vondt. Det var øvleg godt alt det Gud hadde gjort. Likevel låg synda på lur og kom inn i verda. Det var då menneske tok til å gøyma seg for Gud. Og Gud ropte då som no: Menneske kor er du? Kvifor freistar du å gøyme deg for din skapar?*

*Og så gjekk det slik at i staden for harmoniske, miskunnsame og fredkjære menneske såg Gud ned på æresjuke, dømesjuke og sjølvrettferdige menneske. I staden for kjærleik såg han kulde. I staden for audmjuk tilbeding såg han forherda avgudsdyrking.*

*Men Guds faderhjarta brant i kjærleik til kvart menneske på vår falne jord. Av di menneske braut Guds lov vart det spaning mellom Guds heilagdom og Guds miskunn. Derfor vart Ordet kjøt. Jesus vart menneske. Frelsaren og forsonaren steig inn i verda. Han skulle bera all den forbanning som synda vår førde med seg.*

*Derfor kunne det jublast ut: Æra vere Gud i det høgste! Den heilage Gud har fått æra. No han han vera den kjerlege Gud utan å gje det minste avkall på si rettferd og sin heilagdom. Gud skje æra og pris. No kan Gud vere fullkomen heilag og samstundes elska denne verda som er så full av ugudelege menneske. Englesongen høyrast gjennom alle himlar og ut over jorda. No var det skjedd noko ufatteleg stort. I Jesus er Guds kjærleik openberra. Derfor må ingen vise Jesus frå seg. Det er å krenka Guds heilagdom og Guds æra. Det er å røma bort frå Guds kjærleik. Det er fortapingsvegen. Men på den andre sida vert det forkynt: «Alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å verte Guds born, dei som trur på namnet hans.» Derfor syng vi med frimod: Æra vere Gud i det høgste. Og så bed vi audmjukt og tillitsfullt: «Kom, Jesus vær vår hedersgjest. Og hold hos oss din julefest. Da skal med Davidsharpens klang, deg takke høyt vår julesang.»*

Finn Halle Tvedt



## DEN ENSOMMES JUL?

*Det å se inn i en vegg, det å kjenne lukta av kokende pinnekjøtt gjennom naboens åpne kjøkkenvindu, — det å høre naboens glade juletoner, det å ikke snakke med noen, det å ikke gi noe til noen, det å ikke se et menneske, det å oppleve at andre har noe å glede seg over, det at en selv er ensom og alene — slik kan det være for den ensomme. Er det en slik «god jul» vi ønsker hverandre? For mange blant oss er dette «en god jul» ønsket — den eneste tilknytning de har til sine medmennesker. Resten er preger av ensomhet. Ingen ønsker at det skal være slik? Men slik vet vi mange har det. «Vårt største sosiale problem er ensomhetsfølelse» — sies det fra mange hold. I fellesskapet høytid blir dette enda tydeligere. Den ensomme ser sin ensomhet i forhold til andres julefellesskap. En familie samles, en sitter der alene, og lengter etter fellesskap. Den ensomme er heldig! Han eller hun har muligheten for å leve jul. Det store budskap kom først til noen enslige gjeterer på Betlehemsmarken. Det kom ikke til de travle menneskene som fylte herbergene*

inne i byen. Det kom til noen enslige høyst alminnelige gjeterer. De undret seg først mens de til sist «priste og levete Gud for det de hadde sett og hørt». Luk. 2.20. De travle menneskene i folkemengden ante ingen ting om det som hadde hendt... Ensomheten gir en mulighet — den mest betydningsfulle mulighet: Møte med Guds glade budskap.

«I dag er det født en frelser i Davids by, han er Kristus, Herren» (Luk. 2.11).

For dagens folkemengde — familiesamlinger kommer disse ordene bakgrunnen. Fote glemmes de helt. De fleste av oss kjenner seg igjen? For oss er ikke julen: «priste og lovet Gud for det de hadde sett og hørt».... For oss er julen fylt av helt andre velkjente begreper. Julen blir — — ja, hva blir den egentlig?

Den kan bli en kristen høytid, der mennesker møtes for å prise og love Gud: En kristen høytid der mennesker viser omsorg for hverandre. Ikke bare ved å gi penger til Kirkens Nødhjelp i kirken på juleaften, men også ved å gi overfor, sin ensomme nabo.

Gi en plass i ditt hjem på julekvelden for den ensomme som ønsker det, gi av den glede, gi av din overflod, gi av din omsorg, gi av din kjærlighet, gi av din tid.

«Sannelig sier jeg dere: Det dere gjorde mot en av mine minste brødre, det gjorde dere også imot meg.» (Mat. 25.40). A.C.

## TANKAR IKRING JULA

Ein 86 år gamal sambygding fortel om kordan ho opplevde jula i julehøgtida i sin barndom/ungdom.

«Me byrja svært tidleg å snakka om jula heime hos oss. Sjølv matlaginga, vaskinga o.l. starta vel ein 14 dagar før sjølv «dagen», men då hadde me allereie samtala om jula i lengre tid. Om kveldane klumpa me oss saman framfor omnen, og med ljuset derifrå (det var ikkje elektrisitet i dei dager) las og høyrde me om julebodskapen, om Jesus Kristus og song julesongane. Det var verkeleg høgtid over det!

Me ungane fekk lov å vera med mor i bakinga, men det var ikkje alltid ho var like glad for det. Det kunne bli vel mange fingeravtrykk i sortane. — Og me passa sjølvsagt på å ordna med julegåvene. Med nokre kroner i handa for me til Espeland på juleinnkjøp. Til far vart det som oftast eit lommeterklede med Nansen-merket på, til mor — noka utstyr og leiker til søskena.

Hos oss vara førebuingane like inn i sjølv juledagen. Om føremiddagen skulle golva skurast kvite med sand — for etterpå å bli dekkja til med nyhakka brake. Det var eit teikn på fest og høgtid. Og du kan tru det lukta godt! Og på grunn av braken fekk med lov å gå med sko inne.

— Men etter at far hadde vore i floren og mor hadde pynta juletreet (åleine), sat me oss pynta til middagsbordet. Og då skulle det vara ro.

Far las juleevangeliet og bordbøna for oss, det høyrte heilt natur-

leg med. Først etter det, kom lutefisken m/lefse fram. Dessert: Sviskesuppe.

Til kvar av oss ungane hadde far dreia ei smørøskje — som auka i storleiken etter alderen, og i den hadde me heimakinna smør. Eit år vara mitt heilt til nyttår, hugsar eg, medan bror min åt opp alt sitt same kvelden.

Og seinare ut på kvelden var det gong rundt juletreet, synging av songane og opning av gåvene. Det var jo ei særskilt stemning då.

Neste dag — 1. juledag — fekk ingen av oss gå ut. Då måtte alle halda seg i hus — sett bort frå turen til kyrkja. Kvar 1. juledag var det høgmesse og då gjekk me mann av huse for å vera med der.

Høgtida vara faktisk til 13. dag jul,» leggjer ho smilande til.

Er det særleg juleskikkar du vil nemne?

Ja —, i juleveka samla me borna oss, — me som budde nær kvarandre, og gjekk på vitjing til kvar einskild familie, dvs. til foreldra våre. Kveld etter kveld gjekk me rundt og hadde det riktig kjekt. Ei appelsin eller kakemann vanka det på oss. Me var på «fest heile veka.»

Er det noko du saknar i dagens julefeiring?

«Det eg verkeleg saknar er den ro og stillhet som prega høgtida før. Mennesket i dag er i det store og heile så forjaga at det lett gløymer kvifor det feirer jul. Det har ikkje tid til å tenkja, til å høgtida. Eg skulle ynskja me kunne ta oss betre tid i år,» segjer ho i det ho seg på meg.

# WEEK-END

SÆTERVIKA 15.—16. NOV. 1975



Helga 15.—16. november arrangerte «Treffen» og Ten Sing week-end i Sætervika. Avreisa vart lagd til kl. 13.00 laurdag. Ca. 40 ungdommar, mellom dei ein gjeng frå ungdomsklubben i Ytre Arna, deltok. Reisa føregjekk med buss.

Ein del forsinka tok programmet

til kr. 15.00. Då var vi samla i peisestova og åt nista vår, song, fekk beskjedar o.l. Ca. kl. 17.00 samlast vi igjen. Denne gongen til bibeltimen. Emne for week-enden var «Diakoni», og i denne første bibeltimen snakka Åge Clausen om diakoni, og prøvde å gje leirdeltakarane eit innblikk i kva diakonien


omfatta. Til hjelp fekk vi ein del stader i Bibelen.

Etter kvelds, ca. kl. 20.00, starta kveldens program. Ein lysbiletserie om diakoni opna samværet.

Deretter fylgde den lettare avdelinga. Sketsjar, opplesing, allsong og folkeviseleik vart utøvd med stor entusiasme. Særleg folkeviseleiken skapte mykje moro (og svette i eit varmt rom). Ein lengre pause sto no for tur. Salg av brus gjekk som de skjønar strykande, og leirdeltakarane roa seg litt ned etter kvart.

Neste programpost var bibeltimen v/Ingvar Fykse. Spørsmålet som her vart teken opp var: «Kvifor må vi driva diakoni?» Mange var nok på vei inn i «drømmeland» så seint på kvelden, men dette som Fykse her tok opp, fengde. Det mest «positive» ved heile week-enden var nok denne bibeltimen. Den gav eit godt utbytte.

Dagen vart avslutta med song og



vitnemøte. Kl. 24.00 gjekk rosingnalet.

Søndag starta med bønnemøte. Kl. 8.45 var det frukost. Dei aller fleste var oppe til frukost, sjølv om alle ikkje var like utkvilde.

Klokka ti samla vi oss i kapellet til gudsteneste. Det ritualet som vart nytta var heilt ukjend for deltakarane, men det skapte etter alt å døma ikkje noko problem.

Fritida før middag vart nytta til terrenglauf. Fuktig, surt og kaldt var det, men oppslutninga var nærare 100 %. Derimot vart det ein del klabb og babb ute i løypa som nok skapte ein del problem, for arrangørane.

Etter middag samlast vi for siste gong i peisestova. Denne gongen var ordet fritt, og kritikk mot week-enden stod på tapetet. Eit spørjeskjema vart og sendt rundt for å lodda stemninga før avreisa. Resultatet føreligg enno ikkje offentleg.

Kl. 17.00: Alle reist.

Oluf  
7

## Hva er det?

En liten gåte, som burde være lett:

Den fins i alle norske hjem,  
men brukes av få.

Den er en uunnværlig åndelig  
huslege,

et helt apotek  
mot sjelens mange plager,  
selv den ytterste fortvilelse,

og dessuten en veiviser i fremtiden,  
den eneste pålitelige.

Svar:

**GUDS ORD I BIBELEN.**

## GUDS TENAR

Det er vel stort å vera,  
Guds tenar her på jord.  
Hans ærende få ganga,  
og bera ut Guds ord.

Her går ein trøytt og sliten,  
på syndekjensla ber.  
Men ved ein Herrens tenar,  
han fridomsbrevet fer.

Mi syndeskuld er borte,  
om tung som fjell ho var.  
For Jesus alt har sona,  
vår syndebør Han bar.

Me alle skulle vera,  
Guds tenarar på jord.  
Som syskin saman vandra  
i gjerningar og ord.

Der sit so mang ein einsam,  
som lengtar etter fred.  
Gud signe sine vitne,  
som les og for dei bed.

Gud gjev oss alle nåde,  
Ditt ærende å gå.  
Når jordelivet endar,  
vår himmelkruna nå. *OH*

## SONGTENESTE VED GUDS- TENESTENE I YTRE ARNA

I Ytre Arna har vi ikkje funne ut-  
veg til å skipa eige kyrkjekor no.  
Desto større er gleda vår over at  
Haugland Songlag, på førespurnad  
frå soknerådet, har tatt på seg song-  
tenesta i kyrkja. Organiseringa vil  
elles bli på same måten som i Arna,  
songarane byttest om tenesta. Vi  
vil gjerne her uttrykkje vår takk-  
semnd til Haugland Songlag fordi  
dei var villige til å ta på seg opp-  
gåva. Det er tanken at songtenesta  
skal kom i gang tidleg på nyåret.

*IF*

## KYRKJEKOR I ARNA

Arbeidet med å etablere kyrkje-  
kor i Arna er godt i gang. Til no har  
11 songarar meldt seg, men vi har  
bruk for fleire — særleg manns-  
stemmer.

I ein stor så stor kyrkjelyd som  
Arna, skulle det ikkje vere vanske-  
leg å få til eit kor av rimeleg stor-  
leik og som held kvalitative mål.  
Det gjeld berre om å kalla fram  
talenta. Kanskje nokon som les  
desse linene, kunne tenkje seg å bli  
medlem i koret? Vi vonar det!

Koret er i første rekkje pålagd  
songteneste i kyrkja ved gudste-  
nestene. Den blir organisert slik at  
medlemene i koret alternerer etter  
ein bestemt turnus. Kvart medlem  
kan rekna med å måtta syngje ved  
gudstenesta ca. ein gong i månaden.

Interesserte kan melde seg til ein  
av medlemene i interimstyret for  
koret, Solvei Tesdal, Erna Halvor-  
sen eller Sigmund Kleiveland. Sty-  
ret har sett aldersgrense oppover  
til 65 år. Det er øving i kyrkja kvar  
tysdag kl. 20.00.

*IF*

## INDRE ARNA INDREMISJONSLAG 50 ÅR

Det er 50 år sidan Indre Arna  
Indremisjonslag blei skipa. Av  
grunnleggjarane og dei som stod i  
fremste rekkje den gongen, er dei  
fleste gått bort. Men to av dei som  
var med då laget blei skipa, er  
framleis mellom oss, fru Aslaug  
Romslo og fru Wern.

Søndag 7. desember blei 50 års-  
dagen markert med ein fest i Arna  
bedehus. Her vart det mellom  
anna gjeve attersyn over laget si  
soge og indremisjonsarbeidet fram  
til i dag.

50 år er ikkje så lang tid — ikkje  
i historisk samanheng. Det er eit  
ungt lag. Verdien av det kristne ar-  
beidet er også slik at den er vanske-  
leg å mæla. Det meste går føre seg  
i det stille. Likevel veit vi at indre-  
misjonsarbeidet og dei trufaste

indremisjonsvennene har betydd  
mykje i kyrkjelyden vår og for det  
åndelege livet i bygda. Vi hadde  
vore fattige utan desse.

Indremisjonen har arbeidd under  
vekslande kår ytre sett. Lenge var  
det eit sakt at laget ikkje hadde  
sitt eige hus til å samlast i og drive  
arbeidet ut frå. Det har dei no fått.  
Etter det vi forstår, vil bedehuset  
bli vigsla neste år. Det er eit kjem-  
peløft indremisjonslaget her har  
tatt. Det nye bedehuset vitnar  
både om offervilje, truskap og kjær-  
leik til indremisjonens sak.

Det er vårt ynskje og vår bøn at  
Gud framleis må velsigne indre-  
misjonsarbeidet, så det kan tene  
Hans rikes sak hjå oss, og venesam-  
funnet vere eit åndeleg kraftsen-  
trum i kyrkjelyden vår.

*IF*

## BARNEPARKERING UNDER GUDSTENESTA I YTRE ARNA

For foreldre med små barn kan  
det vere vanskeleg å sleppe frå,  
slik at dei kan kome til kyrkja søn-  
dag føremiddag. Det er ikkje alltid  
lett å skaffe seg barnevakt på den  
tid av dagen.

For å hjelpe småbarnsforeldre  
som gjerne vil vere med i guds-  
tenesta, vil vi prøve ei ordning med  
barneparkering medan foreldra er  
i kyrkja.

Det er 7 vaksne og pålitande da-  
mer i Ytre Arna som har tatt på  
seg ansvaret å sjå etter dei små  
medan mor og far er i kyrkja. Dei

vil bytast om barnepasset frå søn-  
dag til søndag.


«Gamleheimen» i Ytre Arna ligg  
lagleg til, like ved kyrkja. Her er ein  
salong der borna kan vere. Sokne-  
rådet har løyvt ein del pengar til  
innkjøp av leikar til barna.

Vi tar til med barneparkeringa  
første søndagen i det nye året, den  
4. januar. Det blir opna kl. 10.45, og  
foreldra hentar barna når guds-  
tenesta er slutt.

Vi vonar mange småbarnsfor-  
eldre vil nytte seg at tilbodet. Alt  
er sjølvstakt gratis.

*IF*

## Det nærmar seg jul



Det nærmar seg jul, og eg spurde to ungdomar kva tankar dei hadde kring denne høgtida.

Linda Grindheim, kva tenkjer du på når jula nærmar seg? Først og fremst Jesu fødsel, men det er sjølvsagt mange andre ting som også opptar ein når det byrja nærma seg jul. Julepresangane byrja so smått og forma seg, vasking osv. Trur du det er skilnad på den måten foreldra våre høgtida jul på? Eg trur nok dei strevde litt meir for å få høgtid. Det tok det litt meir alvoramt med førebuinga.

Vi pratar litt laust og fast kring jula, og Linda fortel at sidan ho var lita har ho visst kva jula står for og kvifor vi feirar denne høgtida.

På spørsmålet om kva ho ynskjer for jula i framtida, seier Linda: «Eg ynskjer at me kristne må få ein

meir bevisst holdning til jula. Slik at andre folk betre kan forstå kva Gud meinte med julefeiringa. Og at unødvendig reklame, strev og mas må bli vekke.»

Jul, seier Stein Arne Ystheim, og grunnar ein augneblink på spørsmålet — kva han forbind med julehøgtida. — Så kjem det. Jul det er Jesu fødsel, skulefri, god mat, og at familien blir samla. Jula har i dei seinare åra vore prega av litt for mykje strev og mas — med presangar og vasking, meiner Stein Arne. Eg ville mykje heller ha ei gammaldags jul, som verkeleg var høgtid. Der det vart feira at Jesus var fødd. Då vart jula meir ein takkefest fordi det at Jesus blei fødd gjorde at me fekk koma til han. Blir dette det sentrale i jula får denne høgtida ein større og meir betydningsfull horisont. Dette er og mitt ynskje for jula framover, seier Stein Arne til slutt.

AH



## DEN NYE GRAVPLASSEN PÅ MJELDHEIM

vart vigsla av domprost Hans Høivik etter gudstenesta 16. november. Etter vigslinga var det kyrkjekaffi på «Arnastova» for innbedne gjes-ter med Bergen kommune som vertskap.

Ordførar Eilert Eilertsen bar fram helsing frå kommunen, rektor Håkon Helgesen frå Bergen kirke-lege Fellesråd, og domprosten frå prostiet. Elles var det mellom anna talar av sokneprest Halle Tvedt og soknerådsformennene i Arna og Ytre Arna, Ingmar Ljones og Knut Brakestad.

Kyrkjeverje Rasmus Skurtveit orienterte om arbeidet med gravplassen frå planleggingsstadiet fram til anlegget vart overlevert 27. juni 1975.

Vi finn det her rett å referere nokre av hovedpunktene i den orienteringa Skurtveit gav. Det vil gje eit visst inntrykk av historikken og det arbeidet som ligg attom gravplassen på Mjeldheim, slik den ligg i dag.

Det formelle vedtak om opparbeiding av ny gravplass på Mjeldheim var gjort av Arna kommunestyre den 25. mars 1969. Samstundes fekk formannskapet fullmakt til å engasjere konsulentar. Oppdraget gjekk til landskapsarkitek-tane Knut Fosså og Sveinung Skjold, Stavanger.

Arkitektane la fram plan i to alterna-tiv. Såvel kyrkjegardssamrådet i Arna som soknemøtet i Arna rådde til alter-nativ 2. Det same gjorde soknemøtet i Ytre Arna.

I møte 23. februar 1971 vedtok Arna kommunestyre planforslaget. Samstun-des vart det gjort vedtak om å løysa inn grunnen.

Arna kommune hadde hatt drøftingar med vegstyresmaktene om påemna riksveg i dette området. Desse drøftin-gane førde ikkje fram. Arna kommune fekk difor utarbeidd alternativ fram-legg til vegtrasé i området. Arkitekt-firma vart bede om å arbeide om pla-nen i samsvar med dette.

Den nye planen vart lagt fram 16. februar 1972.

Etter at vegspørsmålet på nytt lag var drøfta i Vegdirektoratet, vart pla-nen lagt fram for kyrkjelydane som ikkje hadde nokon merknad. Bergen bystyre godkjende planen og løyvde pengar til anlegget 2. april 1973, og som-meren same året vart planen godkjend av Kyrkjedepartementet.

Utlysinga av anbud vart likevel for-seinka, i det spørsmål om mogleg framtidig regulering og endra utnyt-ting av ein del av området kom opp. På nytt lag vart arkitektfirma kontakta, denne gong med tanke på å la ein del av anlegget vente med opparbeiding til seinare. Etter drøftingar fann ein å måtta utsetje opparbeiding av tre grav-felt — med ca. 900 graver. samt drifts-avdeling og klokkeårn.

Anlegget vart lyst ut på anbud, og den 5. juni 1974 godkjende formannska-pet tilbudet frå Arna Maskinstasjon & Entreprenørforretning A/S. Arbeidet vart sett i gang same som-maren og anlegget overlevert 27. juni 1975.

Den opparbeidde delen som no er vigsla gjev plass til ca. 2.100 kistegra-ver. Heile arealet vil gje rom til omlag 3.000 kistegraver. Det er vidare opp-arbeidd nødvendige vegar, bed m.m., og heile arealet er inngjerdt.

Kostnaden er ca. 2.200.000 kr. I denne summen er m.a. tatt med kr. 35.000 til mellombels arbeidsbrakke m/reid-skaprom.

Arbeid som står att er flg.: Opparbeid-ning av tre gravfelt, bygging av drifts-og velferdsbygg og oppføring av klokke-tårn.

# Familieside



## ARNA SOKN

### DØYPTE:

- 25/10: Ronny Ramsdal, Lin Silje Ruskedal  
26/10: Øyvind Kaaresen, Torstein Sørlid, Anne Manuam  
02/11: Svein Norvald Håhjem, Synne Mari Sandtorv  
08/11: Eivind Skaftå, Ragnar Husebø, Anita Irene Solberg  
15/11: Frode Rolland Larsen, Per Christian Hauge, Eivind Prestegård, Hege Skare Larsen, Elin Aarestad, Tone Langhelle.  
16/11: Therese Grimstad.  
22/11: Karl-Helge Flagtvedt, Ketil Hausvik, Pia Therese Njaastad.

### VIGDE:

- 25/10: Asbjørn Ove Vindenes og Inger Johanne Romslo  
08/11: Magne Åsheim og Nora Jensen.  
15/11: Helge Kalland og Grethe Dale  
Knut Hanselmann og Irene Eide  
22/11: Ottar Kleiveland og Bjørg Antun.

### AVLIDNE:

- 30/10: Anne Alisabeth Hellerud, f. 1897  
14/11: Sverre Askeland, f. 1893

### UNGE HJEM

12. februar 1976 kl. 20.00, Ådnamarca skole  
Domprost Hans Høivik snakker om «Når barna spør om Gud.»  
VEL MØTT

## YTRE ARNA SOKN

### DØYPTE:

- 25/10: Stian Andre Veseth (Arna)  
26/10: Linda Strand  
08/11: Tom Stian Åsheim (Arna)  
09/11: Lene Morken (Arna)  
22/11: Synnøve Nævdal (Arna)  
23/11: Martin Kvamme

### AVLIDNE:

- 23/10: Ellen Isdal, f. 1935  
09/11: Anne Marie Skår, f. 1944

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

## Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørjes oppsatt

## Espeland Gartneri

Telefon 240809

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi



Vår mann i Arna

## KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,  
og står til tjeneste med råd og veiledning.

### Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESA LG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

### EL-KJØP

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSKAPET  
**VESTA HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

EPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45



# Velkommen til kyrkje

## Preikeliste for Arna

### Julaftan:

- 24/12: Arna — kl. 15.00: Barnegudsteneste ved soknepr. Halle Tvedt.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Kl. 16.00: Barnegudsteneste ved pastor Hitland.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 15.00: Barnegudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Kl. 16.00: Barnegudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Haukeland gamle skule kl. 13.30: Barnegudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Arna Helseheim: Juleandakt ved sokneprest Halle Tvedt.

### Juledag:

- 25/12: Arna — Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Halle Tvedt.  
Offer til Det norske Misjonsselskap.  
Ytre Arna — Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til Det norske Misjonsselskap.

### 2. juledag:

- 26/12: Trengereid — kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.

### Nyttårsaften:

- 31/12: Arna — kl. 23.15: Midnattsmesse ved sokneprest Halle Tvedt.

### Nyttårsdag:

- 01/01: Arna — sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.  
Ytre Arna — res. kap. Fykse. Nattverd.  
04/01: Arna — res. kap. Fykse. Barnevakt.  
Ytre Arna — sokneprest Halle Tvedt. Barnevakt.  
11/01: Arna — sokneprest Halle Tvedt.  
18/01: Arna — res. kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.  
Trengereid — sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.  
25/01: Arna — sokneprest Halle Tvedt. Barnevakt.  
Ytre Arna — res. kap. Fykse. Barnevakt.  
01/02: Arna — sokneprest Halle Tvedt. Nattverd. Barnevakt.  
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved Fykse.  
Ytre Arna — res. kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.  
08/02: Arna — res. kap. Fykse. Barnevakt.  
Ytre Arna — kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved Fykse.